



VIK SETTEFISK AS
Tråvik 44B
5384 TORANGSVÅG

Rapport etter tilsyn hos Vik Settefisk AS – Kvernhusvika i Øygarden

Kontrollnummer: 2025.007.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn 13. juni 2025 med Vik Settefisk AS (organisasjonsnummer: 987723459) sitt landbaserte akvakulturanlegg på lokaliteten Kvernhusvika.

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:

- Avvik 1: Verksemda har brot på vilkår i løyvet
- Avvik 2: Verksemda har manglar i sin internkontroll

Avvik er manglande etterleving av krav, fastsette i eller med heimel i lov.

Vik Settefisk AS må rette opp avvik snarast. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvik er retta innan 10. september 2025. Gjennomføring av tiltaka kan bli følgd opp med nytt tilsyn.

Statsforvaltaren gav merknader

Vi har følgjande merknader:

- Merknad nr. 1: Miljøgranskingar og rapportering

Merknad er eit tilhøve som vi meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

De må betale gebyr

Vik Settefisk AS må betale eit gebyr på 51 900 kr for tilsynet.

Vi ber om tilbakemelding på e-post

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til sfvlpost@statsforvalteren.no og merkar e-posten med 2020/4768.

Del 2: Statsforvaltaren sin vurdering og grunngjeving

Avvik nr. 1: Verksemda har brot på vilkår i løyvet

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Løyvet datert 28. januar 2016, punkt 3.1 utsleppsmengder, 3.2 utsleppsreducerande tiltak og 2.2 plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

Om krava

I løyvet etter forureiningslova datert 28. januar 2016 er det sett vilkår om at anlegget kan sleppe ut inntil 18,2 tonn total nitrogen, 1,9 tonn total fosfor og 17 tonn organisk materiale målt som TOC. Når fôrforbruket vert høgare enn 250 tonn/år, eller innan to år etter at løyvet vert gitt, skal anlegget ha reinseanlegg som oppfyller reinsekrava sett til oppsamling av minst 70% av partiklar av organisk materiale i avløpsvatnet.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengd, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som er lagt til grunn i samband med sakshandsaminga, føre til ein tilsvarende reduksjon i utsleppa. Grenseverdiar for spesifikke utslepp (kg utslepp per tonn fisk produsert) er ikkje konkret vist som eige vilkår i løyvet, men ligg i kombinasjonen av grensene for produksjonen, grensene for utsleppa per år, og kravet om mengdeproporsjonalitet. Utrekna spesifikke utslepp er 29 kg/tonn for total nitrogen, 3 kg/tonn for total fosfor og 27 kg/tonn for total organisk karbon.

Verksemda bad i 2018 om utsett frist for etablering av avløpsreinseanlegg til 15.08.2019. Statsforvaltaren imøtekom førespurnaden ved brev sendt 19.02.2018.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Verksemda har levert rapport for årlege utslepp frå lokaliteten for 2020, 2022, 2023 og 2024. Verksemda har rapportert om utslepp av 26 tonn TOC/år i 2020, 30 tonn TOC/år i 2022, 24 tonn TOC/år i 2023 og 30 tonn TOC/år i 2024. Når det gjeld utslepp av total fosfor har verksemda opplyst at dei slapp ut 2,1 tonn fosfor/år i 2020, 2,3 tonn fosfor/år i 2022 og 2,2 tonn fosfor/år i 2024. Verksemda har brot på vilkår i løyvet når det gjeld utsleppsgrenser av totalt organisk karbon (TOC) og totalt fosfor.

Den årlege produksjonen av fisk ved anlegget har vore under halvparten av produksjonsramma (frå 190 tonn/år til 264 tonn/år dei rapporterte åra). Når det samtidig er brot på grenser for årlege utslepp, har dei spesifikke utsleppa vore høgare enn det som er lagt til grunn i løyvet. For alle måleparametrane (N, P og TOC) er dei spesifikke utsleppa langt over det som er føresett i utsleppsløyvet for den rapporterte perioden.

Verksemnda har ikkje installert reinseanlegg innan 15.8.2019 slik som avklart i tidlegare dialog med oss.

Avvik nr. 2: Verksemnda har manglar i sin internkontroll

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Internkontrollforskrifta § 5, punkt 6 og 7

Utsleppsløyvet frå 2016, punkt 2.5 internkontroll og vilkår 10.1 miljørisikoanalyse

Om krava

Verksemnda skal kartlegge farar og problem og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikoforholda.

Internkontrollen skal sikre at m.a. krava i løyvet vert haldne, og verksemnda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Som del av internkontrollarbeidet skal verksemnda gjennomføre en miljørisikoanalyse som inkluderer kartlegging av kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft. Analysen skal dokumenterast, og resultat skal vurderast med tanke på akseptabel miljørisiko.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Verksemnda sitt systematiske internkontrollarbeid har ikkje fanga opp viktige avvik som kan ha verknad for ytre miljø. I følgje årsrapporteringa har verksemnda sleppt ut meir fosfor (2020, 2022 og 2024) og TOC (2020, 2022, 2023 og 2024) enn grense sett i utsleppsløyvet jf. avvik 1. Dei spesifikke utsleppa er også mykje høgare enn føresett i løyvet jf. avvik 1. Brota på utsleppsløyvet er ikkje avviksregistrert eller på annan måte fanga opp i internkontrollen. Verksemnda sine rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på miljøkrava er såleis ikkje gode nok.

Under kontrollen kom det fram at det stod fleire IBC-ar utandørs med ensilasje og lut. Verksemnda kunne under kontrollen ikkje legge fram ei skriftleg risikovurdering på at det er forsvarleg å lagre ensilasje og lut på IBC-ar utandørs på grusdekke.

Vi vurderer at ensilasje er forbunde med fare for lukt, og «koking» dersom ein ikkje har fått kverna opp død fisk tilstrekkeleg. Under kontrollen kom det fram at settefisken er opptil 700 gram før den vert levert vidare. Når verksemnda vel å bruka IBC-ar for mellomlagring av ensilasje stiller vi spørsmål ved vurderinga verksemnda har gjort for å kunne velje denne lagringsmåten.

Verksemnda kunne under kontrollen ikkje dokumentere at dei har vurdert miljørisiko ved lagring av lut på IBC-ar ute på grusdekke. Lut er eit farleg og etsande kjemikalie, og konsekvensen av eit utslepp vil vere alvorleg. Verksemnda påpekte under kontrollen at dei har avviksført lagring av lut ute i IBC-ar og at dei har planar om å iverksette tiltak for å betre tilhøva.

Merknad nr. 1: Miljøgranskingar og rapportering

Under kontrollen vart det overreikt ein resipientgransking frå 2021 til oss i papirformat. Granskinga inneheld sedimentprøvetaking med liten grabb etter B-metodikk ved 6 stasjonar i transekt frå anlegget, måling av klorofyll, CTD-prøvetaking samt synfaring av strandsona. Kartlegging av botn med B-metodikk er egna for å dokumentere produksjonsavtrykket under opne matfiskanlegg i sjø,

og resultatata gir lite informasjon om miljøtilstanden ved anlegget. Kartlegging av sedimentbotn med analyse av fauna og/eller visuell inspeksjon av botn ved anlegget er meir egna metodar for kartlegging av miljøtilstanden ved Kvernhusvika. Det vart under kontrollen nemnt at det er gjennomført inspeksjon med ROV ved inntaks- og utsleppspunktet. Bilete som viser botn ved utsleppspunktet frå denne inspeksjonen kan gje relevant informasjon om miljøtilstanden i sedimentet. Verksemda planlegg ny miljøgransking i 2026, i tråd med minstekrava i løyvet.

Vi minner om at rapportar frå resipientgranskingar skal rapporterast til oss elektronisk, og resultat skal registrerast i databasen vannmiljø jf. vilkår 12.3 i løyvet.

Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtar at Vik Settefisk AS må betale eit gebyr på 51 900 kr for tilsynet. Dette svarar til sats 1 for tilsyn av inntil ein dags varigheit og er gitt på bakgrunn av ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr 10. juni 2025 og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

De har rett til å klage

De har rett til å klage på vedtaket om gebyr. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunngjevast skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Hedda Dugstad Østgaard
- Toril M Mulen
- Linnea Malene Thomassen

Kontaktperson hos verksemda:

- Martin Saad

Anlegg

Anlegget til Vik Settefisk AS i Kvernhusvika i Øygarden vart kontrollert under tilsynet.

Tema

Følgjande tema vart kontrollerte:

- Utslepp til vatn
- Utslepp til luft
- Støy
- Handtering av avfall, inkl. farleg avfall
- Internkontroll, inkl. risikovurdering, rutinar og avviksbehandling
- Kjemikaliehandtering
- Miljøovervaking

Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- produktkontrolllova
- tanklagringsforskrifta

Dokumentasjon

Følgjande dokumentasjon vart lagt fram for å verifisere faktiske tilhøve:

- Årsrapportering til Statsforvaltaren om utslepp til vatn frå 2020, 2022 og 2023

Del 4: Annan informasjon

Andre tilhøve

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Støy

Statsforvaltaren tok den 19.03.2025 kontakt med verksemda etter klage på støy frå naboar. Vi forventar at verksemda følgjer opp sin eigen intensjon om å gjennomføre ei støykartlegging og iverksette nødvendige tiltak slik som kommunisert med oss den 26.03.2025.

Det var merkbar plagsam støy i møterommet vi oppheldt oss i under kontrollen. I bygningen under møterommet var det ikkje vindaug i gluggen i veggen, og døra stod open. Det var kome nytt vindaug til anlegget som låg utanfor bygningen, klart til å monterast. Vi fekk inntrykk av at tilhøvet er under utbetring.

Det vart opplyst på kontrollen at verksemda har få naboar, og den eine hyttenaboen som ligg kloss opptil anlegget mot sjøen har god dialog med anlegget. Likevel forventar vi at verksemda jobbar systematisk med å redusere støy så godt det let seg gjere.

Lukt

Fleire stader på anlegget var det røstussar som kom ut av vegg der det rann ut vatn. Desse stadane danna det seg groe i grusen. Slike punkt er utsett for å kunne generere diffus lukt når

sommartemperaturen kjem. Vi forventar at verksemda set i verk tiltak for å redusere diffus lukt som kan verte generert ved anlegget.

Forsøpling

Det ligg rør og utrangert utstyr rundt om på anlegget som kan framstå som forsøplande. Vi forventar at verksemda jobbar systematisk med å halde det ryddig på anlegget, og at utstyr som ikkje lenger er i bruk vert levert til godkjent avfallsmottak.

Endring av løyve

Utsleppsløyvet er tufta på dei opplysningane som vart gitt i søknaden og på det kunnskapsgrunnlaget som låg føre då løyvet vart gitt. Vi presiserer at det er verksemda sitt ansvar å innrette seg etter løyvet, eller eventuelt søke om endring av løyvet dersom dei ønskjer å endre på rammene eller vilkåra som er sette.

Rapportering til Altinn

Det vart på tilsynet tatt opp at rapportar frå miljøgranskningar bør tilgjengeliggjast for det offentlege via rapportering til Altinn. Rapporten blir da tilgjengeleg også for Statsforvaltaren i Vestland.

De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

Rapporten er offentleg

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på www.einnsyn.no, i samsvar med offentleglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.

Med helsing

Hedda Dugstad Østgaard
rådgjevar

Toril M Mulen
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

ØYGARDEN KOMMUNE

Ternholmvegen 2

5337

RONG